

Tillegg til høyringsuttale frå Modalen kommune etter Statnetts kommentarar, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Innleiande kommentar

Statnett har gitt innleiande kommentar til utvalde punkt i høyringsuttalar der Statnett sjølve meiner dei har noko å legge til. Modalen Kommune vurderer kommentarane frå Statnett slik at vårt budskap, behov og situasjon kan ha blitt misforstått og ynskjer å gi tilleggspresisering.

Modalen Kommune står framleis inne for vår opphавеlege høyringsuttale, uavhengig av Statnett sine kommentar, og ber NVE vurdere denne uavhengig av kommentarar og dette tillegget.

Lokalt kraftnett

Statnett sett fram eit viktig poeng med at dei er eigar og driftar transmisstransmisjonsnettet som jf. Energilova § 1-5 blir spesifisert anlegg med spenning over 33 kV. Det kjem derfor tydeleg fram frå Statnett si vurdering at det ikkje blir tatt omsyn til eller ynskjer å vurdere forhold som kan gå inn i 22 kV distribusjonsnivået men at dei forholdt seg til regionalnettsaktør. Som beskrive i vår høyringsuttale er dette ein lite eigna strategi i høve trygging og utvikling av distrikta samt legge til rette for at samfunnet kan få tilført ny fornybar energi frå distrikta. Strategien er heller ikkje i tråd med ynska samfunnsutvikling gitt vår tolking av regjeringas oppdaterte mål, meir utfyllande beskrive i høyringsuttalen, eller Statnett sine eigne definerte mål og samfunnsansvar som beskrive i konsesjonssøknaden 1.1 «*Gjennom en effektiv utvikling av nettet er målet å bidra til økt verdiskaping, legge til rette for reduserte klimagassutslipp og bevare en trygg strømforsyning.*»

Når Statnett no skal byggje neste generasjons straumnett så bør også tiltaket være i tråd med samfunnets oppdaterte behov.

Modalen Kommune er ein distriktskommune som i dag ikkje har regionalnett og den lokale nettsituasjon har låg kapasitet gitt den historiske utvikling (beskrive høyringsuttale). Statnett beskriv at dei har satt av ledig plass til framtidig tilknyting og transformering, sjå konsesjonssøknad 4.2.1. Etter det vi forstår er det ledige feltet, slik det er planlagt i dag, først tilgjengeleg anslagsvis år 2035-2040 etter spenningsoppgradering av Evanger. Statnett skriv også at den planlagde stasjonen på sikt vil bli fleksibel og kan legge til rette for nedtransformering til distribusjonsnettet og/eller direkte tilknyting av forbruk/produksjon. Modalen Kommune antar Statnett med denne beskrivinga meiner at stasjonen først gir fleire tilkoplingsmoglegheiter etter år 2040.

Dette tidsperspektivet er ikkje haldbart for situasjon til kommunen i høve forsyningstryggleik, samfunnets behov for ny fornybar energiproduksjon eller utvikling av distrikta. Statnett har her moglegheit å bidra med ei løysing om dei tekniske planane blir justerte.

I høve vurdering av forsyningstryggleiken har Modalen Kommune det vanskeleg å forstå korleis dei beskrivne tiltaka kan betre forsyningstryggleiken. Med eksisterande planar skal koplingspunktet Steinsland blir endra frå å være forsynt frå to sider (Haugsvær og Krossdal)

til å kunn være forsynt via Krossdal. Samstundes syner Statnett si vurdering at Steinsland er svært utsett for flaum/ras og dette gir behovet for å etablere Krossdal som det sentrale bindeleddet mot Hausvær og Vik framfor å vidareutvikle eksisterande anlegg ved Steinsland. I tillegg er Statnett si vurdering at det er naudsynt å etablere eit servicebygg ved Steinsland sidan vegen inn til anlegget er utsett for skred. Langs same vegstrekning går eksisterande 22 kV distribusjonsnett som er tilkopla på Steinsland.

Som det kjem fram av høyringsuttalane er det eit samla kommunestyre, Regionrådet Nordhordland og Vestland fylkeskommune som stiller seg bak vårt krav om å etablere utvekslingspunkt til 22 kV distribusjonsnett. Modalen kommune forventar derfor at Statnett justerer sine tekniske planar og tilrettelegg for utvekslingspunkt til 22 kV distribusjonsnett i fyrste fase av bygginga. I dette ligg det også at Statnett opprettar dialog med lokal netteigar om overføring av eigarskap for det naudsynte anlegget med spenningsnivået under 33 kV (jf. Energilova § 1-5) når denne anleggsdelen er bygd og klar for effektutveksling.

Trase Krossdalen-Steinsland/Krossdalen-Haugsvær

Fjellområda rundt Nygard er i vår høyringsuttale peika på som dei viktigaste tuområda for innbyggjarane i kommunen men og i frå regionen. Kommunen har plassert dagsturhytta si her og området er mykje nytta heile året. Her er nyleg lagt ned ein betydeleg innsats for å gjere området tilgjengeleg for flest mogleg gjennom å etablere ein steinsett sti inn til Nystølen og dagsturhytta. men og leggje tilrette for bruken av fleire godt etablerte stiar i fjellområda rundt Nystølen området. Når Statnett skisserer eit dobbelt line-løp over dette området vil det vere svært uheldig med tanke på framtidig bruk. Mykje av området vil verte bandlagt av den nye line traseen, slik Statnett har skissert denne. Modalen kommune vil be om at ein spesielt i dette området mellom Næmdalsfjellet og Kvitevassdalen søkje å nytte infrastruktur som ikkje påverkar bruken og opplevinga av området slik som eit dobbelt lineløp mot Nystølen i høgste grad vil gjere.

Kabel/fiber i grøft

Statnett beskriv at det er etablert ca. 500 m 22 kV kabel i grøft. Men Statnett skal oppgradera Nygardsveien med lengde på omlag 4.3 km frå Øvre-Helland til nye Krossdalen transformatorstasjon, sjå konsesjonssøknaden 3.9. Modalen kommune meiner Statnett samstundes bør legge eksisterande luftstrekk 22 kV og fiber som kabel i grøft langs den nye vegen for å redusere totalbelastninga av tiltaket for området.

Med venleg helsing
Linda Neset

Ordførar



